


ROSMERSHOLM


DET
NORSKE
TEATRET



ROSMERSHOLM

av Henrik Ibsen

omsetjing og regi	Tormod Skagestad
regiassistent	Rolf Sand
dekor og kostyme	Arne Walentin
inspisient	Ivar Nørve



Som dei fleste av Ibsens samtidsskodespel har «Rosmersholm» ei streng klassisk form, — Ibsen følgjer dei gamle lovene om einskap i tid, handling og stad: dramaet spelar seg ut mellom fire vegger i løpet av 2—3 sommardøgn, og menneskeskildringa har i sin uvanlege nyanserikdom streng funksjon i hovudkonflikten. Det er i det ytre eit handlingsfattig skodespel, men på det indre plan utviklar det seg dynamisk og med ubønhørleg konsekvens mot katastrofen.

Alt opningsbiletet intimerer konflikten på ein suggestiv og atmosfærefyllt måte: Rebekka West sit ved det åpne vindauga og ventar Johannes Rosmer heim frå spasertur. Inn i det dystre interiøret trengjer sommaren med sin natur sitt frodige liv, — ein anar angar av gror og bløming. Også inne er det pynta med avskorne blomar og bjørkelauv. Det er Rebekka som på denne måten prøver å gjera det gamle, mørke interiøret mjukare og meir levande.


Men gjennom vindauga høyrer ein òg duren frå Møllefossen, og ein sansar snart at det gamle herresetet ikkje berre ligg inneringa av frodig natur; det blir òg heimsøkt nattes tid av vesen som ikkje har naturleg opphav. På veggene inne heng eit anegalleri av prestar og offiserar, av folk som aldri har ledd: underleg nærverande strålar dei ut ei makt.

Dei døde er ikkje borte på Rosmersholm, — dei er usynleg til stades og inkarnerer seg iblant i kvite hestar når nokon på garden skal døy. I skyggen av dei dødes liv går Johannes Rosmer, han som Rosmersholm døyr ut med, og granskar slektene bakover. Inntrengjaren Rebekka West vil berge han ut i livet, og set all si primitive kraft inn på det: sin livsappetitt, sitt ukuelege mot og omsynslause handlekraft. Ho utfordrar Rosmersholm til ein kamp på liv og død, og det blir ein kamp mellom Livet og Døden. Ho vil omskapa den forfina, men livsudugelege drøymaren Johannes Rosmer

i sitt bilete, vil blåse kraft i han og gje han ei livsoppgåve. Ho lykkast eit stykke på veg, og skyr ingen middel for å nå målet: med kaldt overlegg driv ho Beate i Møllefossen og dekkjer over brotsverket med slu intelligens. Men det blir likevel Rosmersholm som formar henne i sitt bilete, adlar henne, men knekkjer henne òg ved å vekkje til live eit veksande samvetsliv i henne.

Tormod Skagestad.

Tormod Skagestad







70- og 80-åra var ein stridsbolk både i norsk politikk og i kulturlivet. Eit av dei sterkaste stormsentra var Henrik Ibsen, Skiens-diktaren som sat på trygg fråstand og blinkskaut på sine landsmenn, norsk lynne og ikkje minst på politikken og samfunnsdebatten i tida. Annakvart år ved juletid bles det opp til strid om Ibsens bøker; ikkje før var skodespela i handelen, så braut levenet laus.

Då «Et dukkehjem» kom ut i 1879, vart både diktaren og verket hans offentleg refsa frå alle landsens preikestolar. Den norske kyrkja fann det naudsynt med regulær «bannlysing». To år seinare kom eit nytt lynnedslag: «Gengangere». Borgarskapet vart skaka i sine grunnvollar. Avisene gav Ibsen det glatte lag, skodespelet var rett og slett «en kloak af moderne vederstyggeligheder».

Det første raseriet skreiv Ibsen av seg med «En folkefiende» (1882), men han var så opprørt over den mottaking «Gengangere» fekk, at han måtte kvesse pennen så han verkeleg kunne stikke — og stikke djupt. Han gjekk gjennom ei personleg krise: den glade stridsmannen vart innestengd og tagal. Han ville ikkje eingong kjennast ved sine beste vener, og kommentarane hans til hendingane i samtida var få.

Då «Vildanden» kom ut i 1884, vart då òg dei fleste særst rådville. Dette var ikkje den Ibsen dei etter kvart hadde vorte vane med. Kritkarane skjøna lite og avviste skodespelet som «uklart og dunkelt». Politisk var det eit vonbrot, både i Høgre- og Venstre-krinsane vart dei utrygge på kvar dei hadde Ibsen.

Sommaren 1885 reiste Henrik Ibsen frå Roma til Oslo. Opphaldet i Noreg gav han mange sjokk. Han var forfærd over Stortinget i Kielland-saka (spørsmålet om Kielland skulle få



ROSMERSHOLM

skodespel i 4 akter
av Henrik Ibsen

omsetjing og regi Tormod Skagestad
regiassistent Rolf Sand
dekor og kostyme Arne Walentin
inspisient Ivar Nørve

Johannes Rosmer
eigar av Rosmersholm,
tidlegare sokneprest

PÅL SKJØNBERG

Rebekka West
i huset hos Rosmer

MONNA TANDBERG

Rektor Kroll
Rosmers verbror

BJARNE ANDERSEN

Ulrik Brendel

ØYVIND ØYEN

Peder Mortensgård

EINAR WENES

Madam Helseth
hushaldarske på Rosmersholm

ASTRID SOMMER

Handlinga går føre seg på Rosmersholm, ein gamal herregard utanfor ein liten fjordby i det vestlege Noreg.

Pause etter 2. akt.

Speltid: 2 timar 50 min.

Framhald frå s. 5

diktarløn). Han kjende hatet frå dei konservative etter at Venstre hadde gått sigrande ut or riksrettsaka, og jamvel mange av hans beste vener heldt seg borte frå han. I Oslo ville både Studentersamfundet og Arbeidersamfundet hylle diktaren. Ibsen takka nei til begge, noko som førte til ny strid og politiske fortolkingar. Studentane vart kløyvde, og striden førte til at «Den frisindede Studenterforening» vart skipa. På toppen av alt dette kom den vidspurde bohemstriden, ført av Hans Jæger og Christian Krohg. Såleis fekk Ibsen oppleva norsk parti-fanatisme på topp: landet var skilleg tvi-kløyvt i ein mørkblå konservatisme og ein eldraud venstre-radikalisme.

Medan han var i Noreg møtte Ibsen att sin tidlegare ven, den svenske diktaren grev Snoilsky. Det vart eit varmt gjensyn og eit viktig møte for Ibsen. Ja, Halvdan Koht held fram i Ibsen-biografien sin at Ibsen her møtte ein mann «som vart for han som ei ikjøting av dei maktene som striddes i han sjølv». Snoilsky var ein diktar som hadde skrive lett i unge år. Poesien vall frå pennen hans, men etter at han gifte seg, vann han ikkje skrive ei line. «Jag har förspillt mitt lif,» sa greven, men likevæl sprengde han banda: han tok avskil frå stillinga si, han skilde seg og gifte seg att. Og så kunne grev Snoilsky skrive att. Den fine adelsmannen, den kresne esteteten vart fengd av klassestriden og den demokratiske frigjeringsbølgja, han ville knyte band med arbeidarklassen, men kjende heile si utdanning og oppseding i einsidig klassisk lei som ein hemsko, «... den att ej från ungdomen hafva lefvat folkets lif . . .»

Grev Snoilskys personlege problem var nett det som Ibsen streva med: «... modsigelsen mellem evne og higen, mellem vilje og mulighed . . .» Etter møtet med Snoilsky kunne Ibsen dikte fram Johannes Rosmer i neste skodespelet sitt, «Rosmersholm».

I det heile er det påfallande lett å finne ytre likskapspunkt mellom det som Ibsen opplevde i Noreg sommaren og hausten 1885, og det som kom til å bli skodespelet «Rosmersholm». Ibsen skreiv då òg til forleggjaren sin at stykket «er at betragte som en frugt af studier og iakttagelser, hvilke jeg forrige sommer under mit ophold i Norge havde anledning til at gøre».

Henrik Ibsen hadde ikkje einast fått sine intrykk frå greven og frå dei politiske tilhøve i heimlandet. Han hadde møtt sin gamle ven Lorentz Dietrichson i Molde — der han råka Snoilsky, — eit møte som sidan førte til brot, og som i neste omgang førte til bråket og kløyvinga innan studentverda. Dietrichson var formann i Studentersamfundet, og grunnen til at Ibsen sa nei takk til hyllings-arrangementet, var mellom anna motsetnaden som var skapt mellom han og Dietrichson. Ibsens gamle ven tedde seg reaksjonær for diktar-auge, og berrsynt har Dietrichson vore modell for rektor Kroll.

Då «Rosmersholm» kom ut jula 1886, vart det om mogeleg endå meir lunka motteke av kritikarar og publikum enn «Vildanden». Og då skodespelet vart framført på scenen, kveiktest det heller ikkje retteleg glo eller eld i dramaet. Gjennombrøtet for «Rosmersholm» kom først med ein ny generasjon av skodespelarar og instruktørar i norsk teater.

Thorstein Hoff.



Pål Skjønberg og Einar Wenes

Monna Tandberg og Astrid Sommer






Pål Skjønberg og Monna Tandberg

Øyvind Øyen og Monna Tandberg





Bjarne Andersen og Pål Skjønberg

Monna Tandberg



programred.: Thorstein Hoff

fotos: Sturlason

trykk: Enersens Trykkeri, Oslo

